

Sak e) Forslag til forretningsorden

Generelt

Taletidi for innlegg er tre minutt. I debattar om forretningsorden og dagsorden er taletidi eitt minutt. Normalt vert det opna opp for to replikkar og éin svarreplikk, der kvar er på eitt minutt. Ordstyrarane kan foreslå å innföra stuttare taletid, kutta replikkar og setja strek når det er naudsamt. Deltakarane på landsmøtet bed om ordet til innlegg, tek replikk og tek dagsorden ved å teikna seg i GoPlenum.

Ved personval med fleire enn éin kandidat til eit verv, vert det opna opp for tre stønadstalar på tre minutt. Rekkjefylgja på kven som får fyrste stønadstale vert trekt. Det vert ikkje opna for å taka replikkar på desse talane.

Med deltakarar på landsmøtet reknar ein delegatar og observatørar som er medlemmar av Senterungdomen og spesielt inviterte gjester.

Generaldebatten

Det vil ikkje verta sat nokon avgrensing i tal på innlegg. Kvart fylkeslag, sentralstyremedlemar og dei som er innstilt til val på ein fast plass til sentralstyret får kvar eitt innlegg på fire minutt. Dei andre innleggi skal vera på maksimalt tre minutt. Replikk til innlegg får eitt minutt.

Reglar for røysting

For at landsmøtet skal kunna gjera vedtak, må minst 2/3 av delegatane til landsmøtet vera til stades. Vedtak vert fatta ved alminneleg fleirtal, altso at eit forslag får over 50% av dei gjevne røystene. For endringar i vedtekten treng ein 2/3 fleirtal av dei gjevne røystene. Ved stemmelikeheit skal det verta halda ei ny røysting. Dersom det vert stemmelikeheit igjen skal avgjer dobbelrøysta til leiari. Dette gjeld ikkje ved personval. Ved stemmelikheit ved personval skal det etter ei ny røysting med stemmelikheit, verta avgjort med loddrekning. Ved personval må alternative kandidatar verta sette opp mot ein av dei personane som er foreslått i innstillingi til valkomiteen.

Om røystingane vert gjennomfört i GoPlenum eller ved å reisa delegatskiltet, bestemmer ordstyrarbordet etter kva som er mest passande.

Viktige fristar

Endringsforslag vert lagt inn og fremja i GoPlenum.

Frist for å levera inn endringsforslag til arbeidsplanen og budsjettet vert sett til fredag 18.november klokka 22:00.

Frist for innlevering av resolusjonar var 10. november. Alle resolusjonar som kom inn innen fristen ble lagt ut på landsmøtesiden kort tid etter.

Senterungdomen

Frist for innlevering av dagsaktuelle resolusjonar er fredag 24. november klokka 21:00.

Endringsforslag til prioriteringsliste for resolusjonshandsamingi vert lagt inn i GoPlenum innan laurdag 25. november klokka 14:00.

Endringsføresegn til resolusjonar vert lagt inn i GoPlenum innan 26. november kl. 09:00.

Forslag til vedtak: Forretningsorden for det 74. landsmøtet i Senterungdomen vert godkjend.